

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval           | Type | Dato       |
|--------|-----------------|------|------------|
| 020/15 | Levekårsutvalet | PS   | 03.03.2015 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|---------------|------------|
| Kristin Moe   | 15/557     |

## Etablering av Kjernegrupper i Lindås kommune

### Vedlegg:

kjernegrupper

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune er positiv til å etablere Kjernegrupper ved dei tre ungdomsskulane i kommunen. Kjernegruppene kan vere i drift frå byrjinga av skuleåret 2015/16, og skal ha faste representantar frå politi, barnevern, helsesøster og den einskilde skule. Kjernegruppene bør samarbeide med Konfliktrådet i Hordaland, i samsvar med samarbeidsavtalen mellom Konfliktrådet i Hordaland og Lindås kommune. Rådmannen tek initiativ til at det blir utarbeidd ei rutine for dette samarbeidet.

### Levekårsutvalet - 020/15

#### LE - behandling:

#### Framlegg frå Bjørn Brunborg-Ap:

#### Rådmannen sitt framlegg med tillegg:

*Levekårsutvalet ber rådmannen avklare om helsesøstertjenesten og barneverntjenesten har tilstrekkeleg ressurser til å delta i samarbeidet som er beskrevet.*

*Levekårsutvalet ber rådmannen få ei fagleg vurdering frå dei involverte tenestene om innretning, arbeidsmetodikk og rollefordeling.*

Framlegget frå Bjørn Brunborg-Ap vart vedteke med 9 røyster mot 1 røyst (Anne Julie Hetland-H).

#### LE - vedtak:

Lindås kommune er positiv til å etablere Kjernegrupper ved dei tre ungdomsskulane i

kommunen. Kjernegruppene kan vere i drift frå byrjinga av skuleåret 2015/16, og skal ha faste representantar frå politi, barnevern, helsesøster og den einskilde skule. Kjernegruppene bør samarbeide med Konfliktrådet i Hordaland, i samsvar med samarbeidsavtalen mellom Konfliktrådet i Hordaland og Lindås kommune. Rådmannen tek initiativ til at det blir utarbeidd ei rutine for dette samarbeidet.

Levekårsutvalet ber rådmannen avklare om helsesøstertjenesten og barneverntjenesten har tilstrekkeleg ressurser til å delta i samarbeidet som er beskrevet.

Levekårsutvalet ber rådmannen få ei fagleg vurdering frå dei involverte tenestene om innretning, arbeidsmetodikk og rollefordeling.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

## **Bakgrunn**

Politiet ber kommunane i Nordhordland ta stilling til om kommunen ønskjer å opprette ei kjernegruppe ved kvar ungdomsskule i kommunen. I fall den einskilde kommune ønskjer å opprette slike kjernegrupper, ber politiet om tilbakemelding om starttidspunkt.

### Kva er kjernegruppe?

Kjernegruppe er eit førebyggjande tiltak med låg terskel for deltaking. Målgruppa er ungdommar på ungdomsskuletrinnet og vidaregåande skule med føresette, og er tiltenkt dei ein er urolege for i høve til rus, hærverk, nasking, vold og anna åtfærd som kan tyde på at dei har bruk for hjelp frå fleire etatar.

### Intensjon med å opprette kjernegrupper:

- Få ungdom tilbake til skule og/eller arbeid, samt slutte med ikkje ønska åtfærd.
- Kome inn på eit tidleg tidspunkt, for å stoppe uheldig åtfærdsutvikling.
- Nytte seg av, og styrke føresette sin kompetanse som ressurs og støtte til ungdommen.
- Få eit felles system som kan ivareta eit godt samarbeid på tvers av etatar, få auka lokalkunnskap (særleg politiet) og lågare terskel for intervensjon, som då i einskilde saker kan krevje mindre og enklare grep enn om hjelpa vert sett inn seinare.

### Politiet ønskjer:

Politiet har presentert saka i Politiråd for regionen, og fekk i møtet positiv respons på framlegget frå fleire hald.

Politiet ønskjer ikkje å ha rein strafferettsleg, reaktiv haldning til dei problem og utfordringar

ungdom i dag står ovanfor. Dei viser til at vi har ei plikt å tenkje førebyggjande, og at visjonen må vere å få flest mogleg i riktig retning, før problema blir så omfattande at straffesakssporet er den einaste vegen å gå.

Politiet ønskjer difor at ein opprettar kjernegrupper knytt til kvar ungdomsskule og kvar vidare vidaregåande skule i vårt distrikt.

Politiet ønskjer at kjernegrupper har faste representantar frå politi, barnevern, helsesøster og den einskilde skule. Ein kan kalle inn andre aktørar, som «Salto», ungdomskontakt, miljøarbeidarar og liknande, avhengig av behova til den som skal følgjast opp.

## **Vurdering**

Rådmannen har diskutert innspelet frå politiet i rektormøte, leiarmøte for Oppvekst samt rådmannen sitt leiarteam. Desse fora stiller seg positive til å etablere kjernegrupper knytt opp mot ungdomsskulane, slik politiet kjem med framlegg om. Det blir presisert at effektiv bruk av tid må vere ei rettesnor, og ein bør definere form på samarbeidet i ei rutineskildring. Det vil vere naturleg at dette blir arbeidd ut i prosjekta som omhandlar organisering av område oppvekst samt utsette barn, unge og familiar i Lindås kommune.

Med verknad frå 24.09.14 etablerte Lindås kommune ein samarbeidsavtale med Konfliktrådet i Hordaland, etter initiativ frå Konfliktrådet. Intensjonen med denne avtalen er å førebyggje vidare lovbrøt og motverke ei vidare kriminell utvikling på individnivå, retta mot ungdom i aldersgruppa 15-18 år samt unge over 18 år. Gjennom samarbeid med Konfliktrådet blir det oppretta eit tverrfagleg oppfølgingsteam som skal følgje opp den einskilde ungdom. Teamet kan bestå av representantar frå politi, barnevern, skule og andre aktuelle etatar og institusjonar.

Det er viktig at ei eventuell etablering av kjernegrupper ved ungdomsskulekrinsane i kommunen blir sett i samanheng med avtalen med Konfliktrådet i Hordaland, slik at ein lukkast med å skape heilskap i oppfølginga av målgruppa.

Rådmannen rår til å etablere kjernegrupper ved dei tre ungdomsskulane i kommunen, gjeldande frå skuleåret 2015/16. Samarbeidet i kjernegruppene bør skildrast i ei eiga rutine.